

Nordhordland Lensmannskontor  
Postboks 33  
5902 ISDALSTØ

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
23/6 - 20 / KTJ

Dato:  
14.09.2023

## Høring hjå politiet - skjenking på kommunehuset i samband med vigsel

Eit fleirtal i formannskapet i Austrheim ønskjer å opna for at det i samband med vigsel på kommunehuset kan drikkast champagne eller tilsvarande sprudlande nytingsmiddel.

Kommunestyret har tidlegare sagt konkret nei til at det kan skrivast ut skjenkeløyve på kommunehuset, men no er det altså fleirtal for å snu.

Formannskapet har vidare bedt om ulike alternativ for kvar champagnen kan nytast (skissa ligg ved):

1. Anten berre inne i Austrheimstova/kantina
2. Ev. kombinert med uteplassen/amfiet like utanfor glasdøra
3. Ev. kombinert med også uteområdet på framsida av kommunehuset med det vesle parkområdet og brua der.

No lurar me på kva politiet meiner om dette, sjå også saksframlegg og skisse som ligg ved.

Med helsing  
Ketil Tjore  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### Vedlegg:

Framlegg til skjenkeområde i og ved Austrheim kommunehus  
Skjenkeløyve kommunehuset - til bruk i samband med vigsel

### Mottakere:

Nordhordland Lensmannskontor      Postboks 33      5902      ISDALSTØ

